

# Funkis- konvensjonen



# UngFunk

# Funkiskonvensjonen

<b>1. Mål</b> <p>Funkiskonvensjonen skal sikre at funksisar får dei same menneskerettane som alle andre, og er ein avtale som skal følgjast opp av dei som bestemmer i landet.</p>	<b>2. Definisjonar</b> <p>Les forklaringar av orda som blir brukte i konvensjonen, på <a href="http://ungfunk.no">ungfunk.no</a></p>	<b>3. Grunntanken med konvensjonen</b> <p>Kjernen i konvensjonen er sjølvråderett, sjølvstende, deltaking, inkludering, inga diskriminering, respekt for mangfald, like moglegheiter, tilgjengelegheit, tilrettelegging, likestilling mellom kjønn og respekt for barn.</p>	<b>4. Ansvar til styresmaktene</b> <p>Dei som bestemmer i landet, har ansvar for at funksisar har dei same rettane som alle andre, og skal følgje desse opp.</p>	<b>5. Inga diskriminering</b> <p>Funkisar har rett til å bli behandla likt og bli verna av lova på lik linje med alle andre, og dei skal ikkje diskriminerast eller behandlast urettferdig.</p>	<b>6. Kvinner</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal sikre at jenter og kvinner med funksjonsnedsetjingar og kroniske sjukdommar har dei same rettane som alle andre, sidan dei oftare blir behandla urettferdig.</p>
<b>7. Barn</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal sikre at barn med funksjonsnedsetjingar og kroniske sjukdommar får menneskerettane sine oppfylte. Det som er best for barnet, skal prioriterast, og barn skal få seie si meining og bli høyrd.</p>	<b>8. Kunnskap om funkisrettane</b> <p>Funkisrettane skal gjerast kjende for alle.</p>	<b>9. Tilgjengelegheit</b> <p>Samfunnet skal vere tilgjengeleg, og dei som bestemmer i landet, skal fjerne hindringar sånn at alle kan delta i samfunnet.</p>	<b>10. Retten til liv</b> <p>Funkisar har ein ibuande rett til å leve, på lik linje med andre.</p>	<b>11. Farlege situasjonar</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal verne funksisar i mellom anna krig og naudssituasjonar.</p>	<b>12. Alle er like for lova</b> <p>Funkisar har rett til å bestemme sjøve og skal behandlast likt av lova.</p>
<b>13. Tilgang til rettssystemet</b> <p>Funkisar har rett til å delta i, og bli behandla av, rettssystemet på lik linje med andre.</p>	<b>14. Fridom og tryggleik</b> <p>Ingen skal miste retten til fridom og tryggleik fordi dei har ei funksjonsnedsetjing eller kronisk sjukdom.</p>	<b>15. Tortur</b> <p>Funkisar skal ikkje bli utsette for tortur eller liknande, og dei må aldri bli behandla på ein umenneskeleg måte.</p>	<b>16. Utnytting, vald og misbruk</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal verne funksisar mot utnytting, vald og misbruk.</p>	<b>17. Respekt</b> <p>Funkisar skal respekterast for den dei er.</p>	<b>18. Rørslefridom</b> <p>Funkisar har rett til å høyre til eit land, bevege seg fritt og velje kvar dei vil bu. Barn med funksjonsnedsetjingar og kroniske sjukdommar har rett til eit namn, til å kjenne foreldra sine og til å få omsorg frå dei.</p>
<b>19. Like valmoglegheiter</b> <p>Funkisar har rett til å leve livet sitt på den måten dei sjøve vil, med dei same valmoglegheitene som alle andre.</p>	<b>20. Mobilitet</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal sørge for at funksisar får bevege seg fritt og sjølvstendig i samfunnet.</p>	<b>21. Ytringsfridom</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal sørge for at funksisar får tilgang til informasjon og fritt kan seie og meine det dei vil.</p>	<b>22. Privatliv</b> <p>Funkisar har rett til privatliv, same kvar dei bur.</p>	<b>23. Familie</b> <p>Funkisar har rett til å bestemme over sitt eige familjeliv. Barn med funksjonsnedsetjingar og kroniske sjukdommar har rett til å bu saman med foreldra sine, bortsett frå når dette ikkje er bra for barnet.</p>	<b>24. Utdanning</b> <p>Funkisar har rett til å gå på skule og ta utdanning.</p>
<b>25. Helse</b> <p>Funkisar har rett til god helse og tilgang på helsetenester.</p>	<b>26. Habilitering og rehabilitering</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal sikre at funksisar får opptreninga dei treng for å vere mest mogleg sjølvstendige i kvardagen.</p>	<b>27. Arbeid</b> <p>Funkisar har same rett til arbeid som alle andre.</p>	<b>28. Levekår</b> <p>Funkisar har rett til gode levekår.</p>	<b>29. Deltaking i politikk</b> <p>Dei som bestemmer i landet, skal sikre at funksisar får delta i politikk, på lik linje med andre.</p>	<b>30. Fritid</b> <p>Funkisar har rett til å delta i kultur, idrett og fritidsaktivitetar. Funksisar skal bli aksepterte for den kulturelle og språklege identiteten sin, på lik linje med andre.</p>